

Til stades:

Eva Madeleine Auglend, 1.trinn
Silje Fosse, 2.trinn
Ingrid Underhaug Nielsen, 3.trinn
Helene Hognestad, 4.trinn
Heidi Sortland, 5.trinn
John Sægrov Holm, 6.trinn
Kristian Hognestad, 7.trinn
Ingveig Nærland Ødegård, rektor

Saker

14. Evaluering Mapahoney

Det mangla ei glutenfri kake/bakst, liten glipp me lærer av til neste gong. I år tenkte me å bruke mest vipps. Man fann ut at ein må ha noko alternativ, hadde også klyppekort som ungar kunne kjøpe/få, jobber vidare med det. Vipps-koden fungerte ikkje, men det ordna seg med hjelp frå idrettslaget. Mogleg dette skjedde fordi det var lenge sidan Vippsen var i bruk. Elevrådet sponsa og delte ut is denne gongen, og det fungerte svært godt. Det er nok med 4 kanner kaffi og 3 flasker saft, samt 2 gjærbakst, 3 kaker og 15 fruktbeiger. Me må merke baksten betre (allergiar). God inntekt: 7515 kr. Me må sjekke bremsene på bilane. Må vere tydelegare til dei eldre elevane om at den som sparker må følgje bilen heilt til mål.

15. Hei verda 7. november kl 11:00-13:30

1.-4. trinn går til kl. 13:30 denne dagen. Ok for FAU. Åresal. Me har fått låne årer frå kyrkja slik at me har fleire, elevane synest det er stor stas med desse årene. Inntekta går til Hei Verda sitt skuleprosjekt i Peru. Skulen treng 4 langpannekaker/gjærbakst (ei glutenfri). 1. trinn stiller med boller, 3.-4. klasse lager ei kake som er både gluten- og laktosefri. 5. trinn og 7. trinn lager kake. Då har me 4 kaker/bakst.

16. Banorama (Bane Nor sitt HMS program for born)

Trafikksikkerheit ved jernbanen.

I forfjor fekk me liknande skriv og då valte FAU å ikkje rette så mykje fokus på det mot ungane, sidan ungane ikkje hadde noko interesse for linja som me kjente til, så me ville ikkje «pirra» nysgjerrigheita. Me er litt på same spor nå også, men kan være greitt at føresette likevel kjenner til farane ved jernbane, og kor ein finn informasjon. FAU avtala difor at Ingveig sender ut lenka og ein kort beskjed til føresette om at dei kan ta dette opp med borna sine.

17. Sosialt før jul med klassane

Alle klassane arrangerer noko. Dei som treng å låne nøkkel må snakke med rektor om å få låne nøkkel og gå gjennom branninstruksen.

5. trinn skal vere i klasserommet. 7. trinn skal til Bryne ungdomsskule. 3. og 4. trinn skal vere på skulen. 1. trinn skal vere i klasserommet/SFO.

18. Nytt frå KFU

Kristian orienterer. Digital oppvekst og kva føresette kan/må bidra med. White-listing: I plassen for å stenge appar og sider ute så er iPadane sett opp kun med nokre utvalde appar som då er "kvitelista". Blir slik for dei yngste ved 1.-4. trinn, for dei eldre vil utvalet være meir likt det me kjenner i dag. For dei eldre vil der fungerer meir som i dag der uynskt innhald er sperra/filtrert ut «svartelista».

«Laget rundt eleven» skal informere om digital praksis på foreldremøte. I *Digital praksis i oppvekst* står det mykje nyttig for skulane og foreldra. FAU vil nytte dette skrivet for å vurdere korleis me kan gje barna ein Smarttelefonfribarndom. FAU vurderer å invitera nokon til å snakke om smarttelefonfri skule på foreldremøtet til våren. Kristian sjekkar kven som kan vere aktuelle.

Bursdagar. Me har gjennomtenkte reglar for bursdagar. Rektor informerer om dette på foreldremøte. Det er viktig at me ikkje gløymer av dei med allergiar/intoleransar/religiøse omsyn.

19. Skjema for arbeidsoppgåver FAU

Ingveig har ei oversikt over kven som har vore representant i FAU og 17. mai-komiteen. Ingveig har òg laga ei oversikt over andre oppgåver som representantane har gjort. Dette kan brukast inn i klassane slik at det er lettare å involvera dei ulike føresette, og fordele oppgåvene jamt. Denne oversikta skal vere klar til bruk frå og med skuleåret 2026-2027.

20. Anna: Bruk av FAU midlar Fritt skuleval

Elevrådet får 15 000kr frå Jæren Sparebank. (Gjeld alle skulane i Klepp, Time, Gjesdal og Hå). Skal brukast til eit tiltak, arrangement eller ei oppgradering. Innspel? Ingveig fortel om eit kjekt apparat med fire armar som elevane kan nytte til å "disse" på. Det blir nok meir enn 15 000 kr, men me må sjå om me kan få det til likevel. Nedgrave trampolinar er òg kjekt. FAU er positive til dette.

Bruk av FAU-midlar. Det er kjøpt inn diverse leiker og utstyr for omlag 3500 kr. FAU får rekning på dette. Skulen takkar for det.

Fritt skuleval.

Det er fritt skuleval i Time kommune. FAU ønsker å reklamere meir for skulen vår slik at fleire vil velje Hognestad. Me kan kanskje friske opp «løpeseddel» som FAU laga og la i postkasser for om lag 5 år sidan, kan og dele slikt innhald digitalt. God dialog med aktuelle familiar kan og gi gode resultat.

Informasjon frå rektor:

Barn og unges kommunestyre 27.10.25 Elevrådet førebur seg i forhold til UngData undersøkinga (som ungdommar svarer på) og kva dei meiner me bør ta tak i her. Eit døme på kva elevane merka seg at er bra: *Det er mange på ungdomsskulane som har det fint i friminutta*. Eit meir negativt trekk frå UngData dei ser er at: *Det er litt mange som kjeder seg i timane på ungdomsskulen*.

Nasjonale prøver - venter på resultat. Me skal snakke om dette i FAU når me er klar. Dette tek me seinast i januar.

Elevundersøkinga kjem i november. Me tek den i veke 46. Gjeld 5.-7.trinn. Foreldreundersøkinga er avvikla på nasjonalt nivå.

Det blir ein dag med juleverkstad for heile skulen i desember. Legg opp til aldersblanda aktivitetar, som gjer at elevane blir godt kjende på tvers av trinn. Elevane veks på dette.

Innspel frå idrettslaget angående fotball og idrett i bygda. Er det noko meir idrettslaget kan gjera for borna i bygda? Til dømes aktivitetar ei ekstra økt i hallen for dei yngre klassane nå i vinter (All-idrett). Er og nokon som ser om «Open Hall» kan være noko, då også for eldre elevar og typisk på fredagar, med eit intervall. Elles ønsker idrettslaget at flest mogleg av borna deltek i idrett på Hognestad, og ynskjer å involvere føresette i å få dette til.

Mvh
Kristian Hognestad
FAU-leiar